

Eksamens i  
**RETKOM1102**  
**Tekst og kommunikasjon**

**Høst 2013**

Tid: Tirsdag 26. november kl. 9-13 (4 timer)

Sted: Lesesal B + C Sophus Bugges hus

Ingen hjelpeemidler tillatt.

Oppgavesettet er på 3 sider, forsiden medregnet.

Sensur: 3 uker

## BOKMÅL

Fordel tiden omtrent likt mellom oppgave 1 og oppgave 2. Alle spørsmål skal besvares.

### Oppgave 1: Kortvarsoppgaver

- A. Gjør kort rede for trekk som kan tenkes å styrke og svekke sammenhengen i dette tekstudraget fra et norsk nett-debattinnlegg (11.11.2013):

*Jeg er såkalt "etnisk norsk" og innlemmet i statskirka. I min barndom husker jeg søndagene med gudstjeneste på radioen og lukten av søndagsmiddagen som sto på ovnen eller var i stekeovnen. Alt var fred og ro.*

*I de siste 30 år har derimot vært uten fred og ro....tv'n har ført krigene og tragediene rett inn i stua.*

*I tillegg har det kommet adskillige såkalte asylsøkere fra muslimske,arabiske land. De står for en voldelig måte å løse problemer på....hevn. I tillegg er vi norske "vantro".*

- B. Gjør kort rede for den klassiske retorikkens fem deler – de fem fasene i utarbeidelsen av en muntlig tekst. Du må gjerne, men behøver ikke, å gjengi de latinske betegnelsene.  
C. Hvilke tre hovedfunksjoner har språket (ifølge Jan Svennevigs bok *Språklig samhandling*)? Illustrerer funksjonene gjennom ytringen «Aldri mer 22.7.!»

### Oppgave 2: Analyseoppgave

Gjør en sakprosaanalyse av teksten «Kvindestemmeretten» fra forsiden av *Aftenpostens* morgennummer 12. juni 1913. Legg særlig vekt på begrepene *kulturkontekst, situasjonskontekst, tekstuell kontekst/intertekstualitet og sjanger*.

(Notisen finnes vedlagt sammen med en faksimile av avisforsiden. Vedlagt finner du også en kort faktaartikkel om stemmerett for kvinner (i Norge): 1885–1913. Artikkelen finnes bare på nynorsk.)

**Bakgrunnsartikkkel for oppgave 2, ikke til tekstanalyse – Bakgrunnsartikkkel for oppgåve 2 – ikke til tekstanalyse:**

## Røysterett for kvinner: 1885-1913

Kampen for kvinners røysterett kom i gang parallelt med at røysteretten for menn vart utvida på slutten av 1800-talet. På same måte som for menn vart røysteretten utvida stegvis.

I siste halvdel av 1800-talet byrja fleire og fleire å setje spørjeteikn ved grunngjevinga for å nekte kvinner røysterett. I 1884 vart Norsk Kvindesagsforening, den fyrste kvinneorganisasjonen i Noreg, skipa. Året etter vart Kvindestemmeretsforeningen (KSF) stifta under leiing av Gina Krog, ein av pionerane i norsk kvinnerørslle og i kampen for kvinnene sin røysterett.

Då alle menn fekk full røysterett i 1898, vart krava frå kvinnene stadig sterkare. Mange såg det som djupt urettferdig at alle menn, men ingen kvinner, fekk røysterett.

Stortingsrepresentant Prahl meinte at kvinnene ”er udelukket fra at være Stemmeberettigede den Dag i dag, ene og alene fordi Samfundet, Staten, har været dannet og bygget alene av Mænd.”

I 1901 fekk kvinner for første gong ta del i eit politisk val. Da fekk kvinner som betalte skatt over ein viss sum røysterett ved kommuneval. Det same fekk kvinner som var gift med ein mann som betalte slik skatt. Dette gjaldt for kommunevala i 1901, 1904 og 1907.

Sjølv etter at alle menn fekk røysterett, ønskta stortingsfleirtalet ei stegvis utviding av røysteretten for kvinner. Då Stortinget i 1910 og 1911 diskuterte full stemmerett ved stortingsval, vart det argumentert med at ein først måtte sjå erfaringane frå den avgrensa røysteretten. I debatten vart det vist til at også menn hadde fått ei stegvis utviding av røysteretten

Samtidig argumenterte forkjemparane for kvinners røysterett med at argumenta mot mannleg røysterett hadde synt seg ugyldige, og at ein dermed ikkje kunne bruke dei same argumenta mot kvinneleg røysterett. Stortingsmann Magnus Nilssen sa: ”Vi maa endelig komme bort fra dette, at dele voksne, tænkende mennesker etter klasse, stand, stilling og kjøn her i landet.”

I 1907 vart kvinneleg røysterett ved stortingsval innført etter dei same reglane som for kommuneval, slik at kvinner hadde avgrensa røysterett ved stortingsvala i 1909 og 1912. Sjølv om alle menn nå hadde hatt røysterett i om lag eit tiår, var det framleis ikkje eit grunnlovsmessig fleirtal for full kvinneleg røysterett. Prinsippet om stegvis utviding sto fast. I ei Stortingsinnstilling frå 1910 står det at den ”opfatning, at veien til statsborgerlig stemmerett for kvinder bør gå gjennem erhvervelse av kommunal stemmerett, synes [...] at vinde tilslutning fra flere hold.”

I 1910 vart allmenn røysterett ved kommuneval innført. Denne kunne nyttast frå og med kommunevalet same år. Tre år etter, i 1913, vart endeleg allmenn røysterett ved stortingsval innført, samrøystes og utan debatt. Kvinner fekk dermed rett til å røyste frå og med stortingsvalet i 1915.

*Teksten er henta frå Barne- og likestillingsdepartementets nettside  
<http://stemmerettsjubileet.no/roysterett-for-kvinner-1885-1913>*

Eksamens i  
**RETKOM1102**  
**Tekst og kommunikasjon**

**Høst 2013**

Tid: Tysdag 26. november kl. 9-13 (4 timer)

Sted: Lesesal B + C Sophus Bugges hus

Hjelpe middel ikke tillatne.

Oppgåvesettet er på 3 sider medrekna framsida.

Sensur: 3 veker

## NYNORSK

Fordel tida om lag likt mellom oppgåve 1 og oppgåve 2. Alle spørsmål skal svarast på.

### Oppgåve 1: Kortsvarsoppgåver

1. Gjer kort greie for drag som kan tenkast å styrke og svekke samanhengen i dette tekstudraget frå eit norsk nett-debattinnlegg (11.11.2013):

*Jeg er såkalt "etnisk norsk" og innlemmet i statskirka. I min barndom husker jeg søndagene med gudstjeneste på radioen og lukten av søndagsmiddagen som sto på ovnen eller var i stekeovnen. Alt var fred og ro.  
I de siste 30 år har derimot vært uten fred og ro....tv'n har ført krigene og tragediene rett inn i stua.  
I tillegg har det kommet adskillige såkalte asylsøkere fra muslimske, arabiske land. De står for en voldelig måte å løse problemer på....hevn. I tillegg er vi norske "vantro".*

2. Gjer kort greie for den klassiske retorikkens fem delar – dei fem fasane i utarbeidingsa av ein munnleg tekst. Du må gjerne, men treng ikkje, å gje att de latinske nemningane.
3. Kva for tre hovedfunksjonar har språket (ifølge Jan Svennevigs bok *Språklig samhandling*)? Illustrerer funksjonane gjennom ytringa «Aldri meir 22.7.!»

### Oppgåve 2: Analyseoppgåve

Gjer ein sakprosaanalyse av teksten «Kvindestemmeretten» frå forsida av *Aftenpostens* morgennummer 12. juni 1913. Legg særleg vekt på omgrepene *kulturkontekst, situasjonskontekst, tekstuell kontekst/intertekstualitet og sjanger*.

(Notisen er lagt ved saman med ein faksimile av avisforsida. Vedlagt finn du også ein kort faktaartikkel om røysterett for kvinner (i Noreg): 1885–1913. Artikkelen finst berre på nynorsk.)

**Bakgrunnsartikkkel for oppgave 2, ikke til tekstanalyse – Bakgrunnsartikkkel for oppgåve 2 – ikke til tekstanalyse:**

## Røysterett for kvinner: 1885-1913

Kampen for kvinners røysterett kom i gang parallelt med at røysteretten for menn vart utvida på slutten av 1800-talet. På same måte som for menn vart røysteretten utvida stegvis.

I siste halvdel av 1800-talet byrja fleire og fleire å setje spørjeteikn ved grunngjevinga for å nekte kvinner røysterett. I 1884 vart Norsk Kvindesagsforening, den fyrste kvinneorganisasjonen i Noreg, skipa. Året etter vart Kvindestemmeretsforeningen (KSF) stifta under leiing av Gina Krog, ein av pionerane i norsk kvinnerørsls og i kampen for kvinnene sin røysterett.

Då alle menn fekk full røysterett i 1898, vart krava frå kvinnene stadig sterkare. Mange såg det som djupt urettferdig at alle menn, men ingen kvinner, fekk røysterett.

Stortingsrepresentant Prahl meinte at kvinnene ”er udelukket fra at være Stemmeberettigede den Dag i dag, ene og alene fordi Samfundet, Staten, har været dannet og bygget alene av Mænd.”

I 1901 fekk kvinner for første gong ta del i eit politisk val. Da fekk kvinner som betalte skatt over ein viss sum røysterett ved kommuneval. Det same fekk kvinner som var gift med ein mann som betalte slik skatt. Dette gjaldt for kommunevala i 1901, 1904 og 1907.

Sjølv etter at alle menn fekk røysterett, ønskta stortingsfleirtalet ei stegvis utviding av røysteretten for kvinner. Då Stortinget i 1910 og 1911 diskuterte full stemmerett ved stortingsval, vart det argumentert med at ein først måtte sjå erfaringane frå den avgrensa røysteretten. I debatten vart det vist til at også menn hadde fått ei stegvis utviding av røysteretten

Samtidig argumenterte forkjemparane for kvinners røysterett med at argumenta mot mannleg røysterett hadde synt seg ugyldige, og at ein dermed ikkje kunne bruke dei same argumenta mot kvinneleg røysterett. Stortingsmann Magnus Nilssen sa: ”Vi maa endelig komme bort fra dette, at dele voksne, tænkende mennesker etter klasse, stand, stilling og kjøn her i landet.”

I 1907 vart kvinneleg røysterett ved stortingsval innført etter dei same reglane som for kommuneval, slik at kvinner hadde avgrensa røysterett ved stortingsvala i 1909 og 1912. Sjølv om alle menn nå hadde hatt røysterett i om lag eit tiår, var det framleis ikkje eit grunnlovsmessig fleirtal for full kvinneleg røysterett. Prinsippet om stegvis utviding sto fast. I ei Stortingsinnstilling frå 1910 står det at den ”opfatning, at veien til statsborgerlig stemmerett for kvinder bør gå gjennem erhvervelse av kommunal stemmerett, synes [...] at vinde tilslutning fra flere hold.”

I 1910 vart allmenn røysterett ved kommuneval innført. Denne kunne nyttast frå og med kommunevalet same år. Tre år etter, i 1913, vart endeleg allmenn røysterett ved stortingsval innført, samrøystes og utan debatt. Kvinner fekk dermed rett til å røyste frå og med stortingsvalet i 1915.

*Teksten er henta frå Barne- og likestillingsdepartementets nettside  
<http://stemmerettsjubileet.no/roysterett-for-kvinner-1885-1913>*



# Aftenposten

nr. 2849 | 29. september | Torsdag 1. oktober 1913

Kristiania

**Norges modernisering.**

Brevis til Norgespræsidenten

Fra Johannes V. Hauge

1. marts

Præsident,

Det er med

gratulation

at jeg

med

glæde

meddeler

at jeg

med

glæde

meddeler</